

---

|                      |                    |
|----------------------|--------------------|
| <b>Saksnr:</b>       | 2025/44404-42      |
| <b>Saksbehandlar</b> | Thorbjørn Aarethun |
| <b>Dato:</b>         | 10.10.2025         |

---

---

**Til:** Fylkesdirektøren

---

**Frå:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF)

---

## **Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse - høyringsuttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

På møte i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, 10.oktober 2025, vart det handsama sak om høyringsuttale – planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse. Det vart gjort følgjande vedtak:

«Vestland fylkeskommune har slutta seg til at ein skal legge CRPD til grunn, og det er varsla frå Regjeringa at CRPD også skal takast inn i norsk lovgjeving. Det betyr at menneske med nedsett funksjonsevne i størst mogeleg grad skal kunne nytte seg av tilboda, uten hjelp frå andre.

Kap 2. Rammer og føringar RMNF er skeptisk til at både temaplan for vgs og den nyleg vedtekne planen for tilbodsstruktur ikkje skal vere førande lenger, men innarbeidast i ein stor, og dermed mindre detaljert, plan. Vi lurar på korleis vidaregåande skule, som er så viktig for inkludering, gjennomføring og danning, skal vere politisk styrt. Særleg er vi uroa over dei med nedsette funksjonsevner og deira møte med framtidig skule. Vi opplever at det har vore ein politisk kamp at fylket skal følgje opp dei rettane alle har til å høyre til i ein vanleg klasse (opplæringslova § 14.2 som i første ledd fastsetter at "Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at kvar elev høyrer til éin klasse og har så mykje opplærings tid i klassen at eleven kan utvikle sosial samkjensle".) og ikkje automatisk bli plassert i ein «spesialklasse».

Kap. 3 Planema Det som står under «Mangfaldig og inkluderande arbeidsliv» er godt og dekkande. Men lite konkret på korleis ein skal nå målet.

Kap. 4 Behov for kunnskap og utgreiingar i planprosessen RMNF meiner det er stort behov for betre kunnskapsgrunnlag for menneske med funksjonsvariasjonar. Særleg gjennomføring av vgs og seinare deltaking i arbeidslivet vil vere viktig å kartlegge. Vi reknar derfor som sjølv sagt at FT sitt vedtak i sak 89/25 vert følgt opp og lagt til grunn i det vidare arbeidet for denne planen. («4. Vestland fylkeskommune skal lage eit kunnskapsgrunnlag for korleis mobbing og utanforskap gjer seg gjeldande for unge med nedsett funksjonsevne i Vestland. Samt korleis det påverkar livssituasjonen og korleis ein kan gjere gode og verksame tiltak for å hindre mobbing og utanforskap, og gje auka gjennomføring av vidaregåande skule.

5. Kunnskapsgrunnlaget skal leggjast fram til politisk handsaming, og danne grunnlag for tiltak gjennom planar for den fylkeskommunale drifta, som td Folkehelseplanen, drifta av dei vidaregåande skulane og kulturplanen.

6. Til å arbeide ut eit kunnskapsgrunnlag vil det vere tenleg å samarbeid med brukarorganisasjonar som FFO og SAFO.»)

Ungdom med nedsett funksjon bør så langt råd er, og i hovudsak ha tilgang til eit stimulerande skule-/utdanningstilbod blant ungdom på same alder. Avvik frå dette bør eksplisitt vere i tilfelle der eleven sjølv ønskjer eit alternativt evt. lokalt tilbod.

Det er urovekkande meldingar om sterk auke i born og unge som treng meir tilrettelegging. I nokre tilfelle vil det vere usemje mellom kommune og fylke om kva som er helse- eller skulerelaterte utgifter. Dette må følgjast opp og greiast ut. I eit fylke som vårt vil det vere svært viktig for deler av ungdomane at dei kan bu heime og gå på vgs. Mange med nedsett funksjonsevne kan ha vanskar med å flytte på hybel, og vi har få internatskular. Det kan også vere enkelte høve der retten til vgs best kan løysast i samarbeid med kommunen. RMNF meiner også at ein, i eit samfunnsperspektiv med mange eldre, sentralisering og færre fødde born, må planlegge for korleis familien, sivilsamfunnet og frivillige organisasjonar kan styrke laget rundt den enkelte. Ein bør planlegge for at ikkje alt kan løysast av det offentlege åleine, men korleis ein kan bli best i fellesskap.

RMNF oppfordrer til å ta høyde for at retten til opplæring gjennom hele livet kan være en mulighet for mennesker med kognitive funksjonsnedsettelse til å kunne øke kompetansen sin i 20- og 30-årene noe som kan være vesentlig for tilgangen til å bruke kommunikasjons-hjelpemiddel hvis man ikke var moden for det i tenårene. Et kommunikasjons-hjelpemiddel er for mange helt essensielt for å kunne delta i eget liv og utøve best mulig selvbestemmelse.»